



## **Forskrift om skulereglar for grunnskulane i Giske kommune**

*Heimel: Fastsett av Giske Kommunestyre 13. juni 2024 med heimel i lov 01.08.2024 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7*

### **§ 1 Formål**

Skulereglane skal bidra til å fremje helse, trivsel og læring for alle elevar. Skulereglane skal legge grunnlag for at elevar viser respekt og tek medansvar for eit trygt og godt læringsmiljø for alle.

Skulen skal samarbeide med elevar og føresette i arbeidet for å nå måla.

Skulereglane skal ivareta eleven sine rettar og også plikter, i tillegg til det som er fastsett i lov eller på anna måte.

### **§ 2 Virkeområde**

Skulereglane gjeld for grunnskulane i Giske kommune.

Skulereglane inneheld reglar om orden og oppførsel og reglar om tiltak som skal kunne nyttast når elevar bryt reglementet. Skulereglane regulerer også framgangsmåten for korleis slike saker skal handsamast.

Skulereglane gjeld for elevane i skuletida på skulens områder, på alternative læringsarenaer, skuleturar og også for ekskursjonar i skulen sin regi.

Skulereglane gjeld også på skulevegen, og brot på reglane vert handtert, i samarbeid med føresette, når skulen blir gjort kjent med saka. Skulereglane rammer inn korleis skuledemokratiet skal ivaretakast. Den enkelte skule kan utarbeide reglar tilpassa lokale tilhøve som presiserer reglane i denne forskrifta, men ved motstrid er forskrift om skulereglar overordna den enkelte skule sine lokale reglar. Etter medverknad frå elevar og føresette er det rektor som fastsett lokale skulereglar. Skulen skal gjere elevar og føresette kjent med forskrift om skulereglar og skulen sine eventuelle lokale reglar.

### **§ 3 Eleven sin rett til å bli høyrd, eleven sitt beste**

Hensynet til eleven sitt beste skal ligge til grunn for alle saker som blir handsama etter desse reglane. Skulen og oppvekstkommunen skal ivareta elevane sin rett til å bli høyrd i alle saker som angår dei.

### **§ 4 Elevane sine rettar**

Alle elevar har rett til å bli møtt med respekt og omtanke av både vaksne og medelevar på skulen. Retten omfattar også at skulemiljøet skal vere trygt, godt og fremje helse og utvikling.

Alle som arbeider på skulen, og i støttetenestene, skal følge med på skulemiljøet og har ei aktivitetsplikt til å sikre den enkelte elev sitt skulemiljø.

## **§ 5 Orden**

### **Her i Giske kommune forventer vi at elevane skal:**

- a) Ha med læremiddel og nødvendig utstyr til læringsarbeidet
- b) Gjere skulearbeid innan fastsette fristar
- c) Møte presis til opplæring og avtaler
- d) Halde orden i utstyr som brukast i opplæringa
- e) Bidra til å halde skulens område inne og ute reint og ryddig
- f) Ikkje nytte mobil og smartklokker i skuletida

(unntak er regulert i anbefalingane frå Utdanningsdirektoratet Anbefalinger om regulering av mobiler og smartklokker i skolen | udir.no)

## **§ 6 Oppførsel**

### **Her i Giske kommune forventer vi at elevane skal bidra til å skape eit trygt og godt læringsmiljø for alle gjennom god oppførsel:**

- a) Vise omsyn og respekt for medelevar og tilsette
- b) Bidra til eit godt læringsmiljø for medelevar
- c) Rette seg etter eventuelle korrigeringar frå skulens tilsette
- d) Praktisere nettvett og digital dømmekraft
- e) Vise respekt for skuleutstyr og andre sin eigedom
- f) Ta del i opplæringa og ikkje forlate skulens område utan løyve

### **Oppførsel som ikkje blir akseptert:**

g) Å utsetje andre for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, rasisme, utestenging, vald eller trugslar om vald. Dette gjeld også kjønnsrelatert trakassering og religiøs trakassering.

h) Å jukse ved prøver eller i øvrig skulearbeid

i) Å ta med, bruke eller selge snus, tobakk, alkohol eller andre rusmiddel

- j) Å ta med eller bruke gjenstandar som kan skade personar, bygningar eller inventar
- k) Å bruke plagg som delvis eller heilt dekker ansiktet

### **§ 7 Vurdering i orden og oppførsel**

Ved vurdering i orden og oppførsel gjeld kapittelet om individuell vurdering i forskrift til opplæringslova

Om eleven opptrer i samsvar med § 5 i denne forskrifta er grunnlaget for vurdering i orden.

Grunnlaget for vurdering i oppførsel er om eleven opptrer i samsvar med § 6 i dette reglementet.

### **§ 8 Sanksjonar**

Ved regelbrot kan skulen bruke desse sanksjonane:

- a) Anmerkning
- b) Gje pålegg om å utføre oppgåver før, under eller etter skuletid for å rette opp skader
- c) Krevje at eleven er tilstades på skulen før eller etter skuletid
- d) Endre friminutt med hensyn til tidspunkt og lengde
- e) Midlertidig ta frå eleven gjenstandar som forstyrrar arbeidsro og opplæring
- f) Ta frå eleven snus og tobakk
- g) Ta frå eleven rusmiddel og gjenstandar som nevnt i § 6i og 6j.
- h) Bortvise elev frå undervisning i enkelttimar eller for resten av skuledagen ved alvorleg eller gjentekne brot på reglane (Opplæringslova § 13-1)
- i) Bortvise elev på 8.-10.trinn for inntil 3 dagar ved alvorleg eller gjentekne brot på reglane (Opplæringslova § 13-1)
- j) Vedta midlertidig eller permanent skulebytte i særlege tilfelle (Opplæringslova § 13-2)
- k) Bortvise elev frå skuletur eller arrangement
- l) Sette ned karakter i orden og/eller oppførsel etter gjentekne regelbrot eller særleg grove enkelthendingar jmf. Forskrift til opplæringslova.

I vurdering av kva sanksjon som er hensiktsmessig, skal det leggast vekt på eleven sin alder og føresetnadene eleven har for å forstå konsekvensar av regelbrotet.

I vurderinga skal det også leggast vekt på eleven si vilje til å rette opp følgjene av regelbrotet. Det skal vere samsvar mellom regelbrot og sanksjon.

### **§ 9 Sakshandsaming**

- a) Personell og kompetanse

Det er rektor som tar beslutning om bruk av sanksjonar. Tilsette på skulen tar beslutningar innanfor dei rammene av mynde som rektor har delegert.

Rektor kan delegere avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for inntil to klokkeimar til lærar. Øvrig bortvising blir avgjort av rektor sjølv eller stedfortreder om rektor ikkje er til stades på skulen.

#### b) Når skulen meiner det er nødvendig med sanksjonar, gjeld

Eleven har alltid rett til å uttale seg til den som tar avgjerd før det blir beslutta å anvende sanksjonar.

Hendinga og regelbrotet må vere godt undersøkt.

Skulen skal dokumentere grunnlaget for bruk av alvorlege sanksjonar

#### c) Enkeltvedtak

Det skal fattast enkeltvedtak der det blir brukt sanksjonar ved alvorlege regelbrot som nevnt i § 8 i,j,k og l, forvaltningslova sine sakshandsamingsreglar skal følgast.

#### d) Nærare om bortvising

før bortvising blir brukt skal andre hjelpetiltak og/eller sanksjonar vurderast. Føresette skal varslast før avgjerd om bortvising blir iverksatt.

Bortvising for resten av dagen kan ikkje iverksettast for elevar på 1.-7.trinn dersom skulen ikkje får varsla føresette.

#### e) Om rusmidlar og gjenstandar som er tatt frå elevar

Elevar skal kunne hente gjenstandar som dei er fråtekne, på slutten av skuledagen, dersom dette er vurdert å vere til eleven sitt beste. Tobakk, snus og alkohol skal overlatast til eleven sine føresette. Ulovlege rusmiddel og ulovlege gjenstandar skal overlatast til politiet av rektor.

### **§ 10 Skadeverk**

Ved skadeverk på skulen sine bygningar og/eller eigedelar kan eleven og eleven sine føresette gjerast erstatningsansvarlege etter skadeerstatningslova § 1-1 og 1-2.

Eleven kan få anledning til å anledning til å utbetre skaden sjølv, dersom dette er vurdert å vere tenleg og til eleven sitt beste.

### **§ 11 Straffbare tilhøve**

Straffbare tilhøve skal meldast til politiet.

### **§ 12 Skuledemokratiet**

Skulane i Giske kommune skal, som eit minimum, ha elevråd, FAU og Samarbeids- og skulemiljøutvalg i tråd med Opplæringslova § 10-5

### **§ 13 Ikraftsetjing**

Forskrift om skulereglar gjeld frå 01.august 2024.